



LYNGMO GLYTTE

SEPTEMBER 2020



Lyngmo - Glytten 29. årgang - September 2020

Spring for Lyngmo

UL Online

IMF familie leir



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Etter ein litt lengre pause enn vanleg sender me ut Lyngmoglytten med nokre små glimt frå Lyngmo. Det har vore ei spesiell tid. Det berømte viruset sette sitt preg på Lyngmo slik det også har gjort på landet vårt, ja på heile verda.

Koronatida på Lyngmo

Når landet vart stengt ned 12. mars forstod me raskt at det også fekk stor konsekvens for drifta her. Oppgåva vår er å samle folk. Når det ikkje var lov lenger, så hadde me ikkje anna val enn å stenge heilt ned. Alle tilsette utanom dagleg leiar vart permittert. Frå mai og til midten av juni byrja me sakte å opne opp for enkelte arrangement og dei første turistane. 15. juni var alle tilsette tilbake i jobb og me byrja også å ta inn sommarvikarane. Det var ein ny kvardag med smittevernplanar, vasking av kontaktpunkt og peikebuffet i matsalen. Staben har lagt ned ein stor innsats for at det skulle bli trygt og godt å komma til Lyngmo! Me er nøgde med at det kom ein del sommargjester på gjestehuset og campingplassen. Sjølv om det samla sett er dårlege tal er me glade for alle som har lagt ferieovernattningar til Lyngmo!

Vidare ut over hausten vil me prøve å komme i gang med så mange arrangement som let seg gjennomføre med tilfredsstillande smittevern-tiltak. Det vil seie at det vert haustleirar for barn og ungdom,

unge vaksne leir, dameleir og basar! Loppemarknaden har me dessverre måtta avlyse, då det vart umogleg for oss å gjennomføre dette på ein god måte.

Personal

Barne- og ungdomsarbeidaren vår, Endre Hilleren, har hatt permisjon sidan august 2019. Endre valde i juni å seie opp stillinga si og halde fram som lærar på vidaregåande i Sogndal. Tusen takk for godt samarbeid og kjekt kontorfellesskap!

Emely Nikola Joa Amdal, som har vore vikar for Endre siste året held fram i fast stilling som barne- og ungdomsarbeidar. Det er godt når det legg seg til rette med flinke folk i stillingane på Lyngmo!

Hovudoppgåva vår

Det å samla folk til arrangement og fortelje om frelsaren vår, Jesus, er hovudoppgåva vår! Det største savnet i løpet av korona-



God stemming rundt leirbålet under UL Online

sommaren har vore at leirsesongen, Bibel-sommar i Vest og Familieleir for Ungdom i oppdrag vart avlyst. Me ønsker å møte folk og me ønsker å fortelje! Høgdepunkta i løpet av sommaren finn me i dei leir-arrangementa me har kunna gjennomføre. Det var stor stas å samla barn og ungdom til familieleir i juni og UL Online i juli! Me er også svært glade for 15 - 20 ungdommar som er med på leiarkurs i haust. Emely, som er barne- og ungdomsarbeidar, har også starta opp ei bibel- og samtalegruppe for ungdommar i vidaregåande alder. Siste høgdepunktet eg vil dele er frå Spring for Lyngmo som vart arrangert første onsdag i september. Nesten 30 barn og ungdommar tok del og sprang til inntekt for Lyngmo. Det

har kome inn ca. 80.000,- kroner til Lyngmo! Fantastisk! Dette hjelper slik at me kan utføre oppdraget vårt:

«Kvar den som kallar på Herrens namn, skal verta frelst. Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrst om? Og korleis kan dei høyra utan at einkvan forkynner? Og korleis kan dei forkynna dersom dei ikkje vert utsende?»

Rom 10, 13-15a

Me på Lyngmo er utsendingar i Sogn og me ønsker at alle som kjem hit skal bli meir kjent med Jesus!

Håpar å sjå dykk på Lyngmo!

Helsing Kjetil Stautland, Dagleg leiar

Bli ikkje i kloakken

A Joyful 'toon by Mike Waters



www.joyfultoons.com © 2019 Michael D. Waters

Kva skal vi då seia? Skal vi halda fram i synda så nåden kan bli så mykje større? Langt ifrå! Korleis kan vi som har døydd bort frå synda, framleis leva i henne?

- Romerane 6: 1-2

Spring for Lyngmo



Oppvarming til Spring for Lyngmo

Onsdag 2. september vart «Spring for Lyngmo» arrangert på Lyngmo Ungdomssenter. Små og litt større fekk delta i løpet, vaksne måtte dette året, grunna Covid-19, halda seg som sponsorar og tilskodarar. Me måtte og gjera nokre andre endringar for å etterkomma smittevernreglar som førte til visse avgrensingar i løpet. Likevel vart det eit flott arrangement der om lag 30 born og unge opp til 20 år deltok i løpet.

Før løpet hadde John Torjus Eriksen ein inspi-

rerande andakt der han snakka om at me alle var eit lag. Og at dersom me jobba saman som eit team mot eit felles mål kunne me oppnå utrulege ting. Det var tydeleg at dette vart godt motteke av deltakarane som verkeleg gav ekstra innsats gjennom heile løpet. Heia-gjengen fekk og karakter «brukbar» etter løpet. Totalt sett vil eg seia meg godt nøgd med innsatsen til både løparar, heia gjeng og sponsorar. Eg vil og takke Lyngmo for å passe godt på at alle smittevernreglar vart overholdt gjennom heile arrangementet.

«Spring for Lyngmo», er etter mi mening, ein fin anledning til å få gje ei støtte til Lyngmo. Lyngmo ungdomssenter har som mange andre verksemder hatt eit utfordrande år. Eg vil derfor oppmoda om å bruka dei unge deltakarane i løpet sin innsats som motivasjon til å gjera det me kan. Gje vår støtte i gåve og ha Lyngmo med i bøn. Det er viktig at alle me som ynskjer aktivitet på Lyngmo no jobbar saman i eit team. Då kan me oppnå utrulege ting.

-Kjell Olav Bondevik



UL online



- På Lyngmo 23. - 26. juli
- Over 50 deltakarar, primært frå Sogn og Fjordane
- «Erstatning» for UL som skulle blitt arrangert i Kongeparken i sommar
- Bibeltimar, lovsong, konsert og seminar vart overført på storskjerm direkte frå studio i Kongeparken.
- Aktivitetar og samtalegrupper

Eg har vore med på UL i to år og då eg høyrde at det ikkje kom til å bli UL i Kongeparken 2020 blei eg sjølvsaugt lei meg. Dette faktumet stoppa heldigvis ikkje Lyngmo og då blei det UL likevel.

UL på Lyngmo var ei unik, men fantastisk oppleving. Det er garantert ein leir eg aldri kjem til å gløyme. Eg veit at mange blei nervøse når vi fekk vite kor mykje vi kom til å sitte framfor ein skjerm, men det vart aldri eit problem. Med lovsongs pausar å gode talar er det vanskeleg å kjede seg.

Synest og leiarane var veldig flinke å lage bra opplegg, med ei god blanding av fritid og aktivitetar. Bålkos, padling og ballongleikar, er nokre av tinga eg hugsar godt. Lyngmo er ein fantastisk leirplass med tilgang til volleyballane, innsjø, gymsal, Paintball, ja eg kunne fortsett, men eg trur dikka forstår. Med mange gode samtalar, fine folk og flotte talar var det ikkje rart UL-online på Lyngmo var ein stor suksess.

-Annlaug Åm Risa



IMF Familieleir

I sommar samlast nokre familiar frå ulike stader i landet, for å inspirere kvarandre til å gjere Jesus tilgjengeleg for fleire menneske i Norge. Gjennom lovsong, bønn, undervisning og besøk frå ein som nyleg hadde teke imot Jesus, fekk me mykje godt me kunne ta med oss vidare.

God stemning i matsal, gymsal, «badeland» og på konkurransar og leikar, gjorde at me og var meir glad i kvarandre når me reiste derifrå. Så håper me at fleire kan få møte Jesus gjennom oss som var der. Takk for bidraget til det Lyngmo.

- Johannes Olsen
(IMS – Indremisjons skipsnaden)

Til bøger: Stor suksess med provisorisk vannsklie på familieleiren til Indremisjonsforbundet!



Leirtravaren

Namn: Nicolai

Alder: 13

Kjem frå: Hafslo

Har du vore mange ganger på leir?

Ja, sidan eg var 8 år.

Kva tykkjer de det er kjekt å gjera på leir?

Eg tykkjer det er gøy å møte nye venner og leike.

Kva hugser du best frå leir?

Dei gøye leikane og å møte nye venner.



Kva skjer?

Bli med på **Hautbasar** fredag 30. oktober. Hugs påmelding. Meir informasjon på heimesida til Lyngmo!



OKTOBER 2020

1. Småbarnstreff
- 2.-5. Leir for 4.-7. klasse
15. Småbarnstreff
- 16.-18. Leir for 2.-4. klasse
22. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 23.-25. Ungdomsleir (8. kl-3. vgs)
29. Småbarnstreff
30. Hautbasar

NOVEMBER 2020

5. Knøttekor og Torsdagsklubb
12. Småbarnstreff
- 13.-15. Barnas Songleir
19. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 20.-22. Inspirasjonshelg for Kvinner
26. Småbarnstreff
- 27.-29 Pusterom

DESEMBER 2020

3. Knøttekor og Torsdagsklubb
5. Juleverkstad
10. Småbarnstreff
11. Julemiddag for Alle

Minnegåve:

Tusen takk for gåvene som vart gitt i samband med gravferda til Ragnhild Svangstu!

Mitt bibelvers

Sara Nordheim, 16 år frå Sogndal

«Så lit då alltid på Herren,
for Herren er eit evig fjell!» Jes 26,4



Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo er det:

- Fint å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Kjekt for borna: Gymsal og eige aktivtetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

LYNGMO UNGDOMSSENTER
ER DU KLAR FOR
HAUSTLEIR?

| | |
|--------------------------------|-------------------|
| 2.-4. KLASSELEIR | 16.-18. OKTOBER |
| 4.-7. KLASSELEIR | 2.-5. OKTOBER |
| UNGDOMSLEIR 8. KL - 3. VGS) | 23.-25. OKTOBER |
| BARNAS SANGLEIR (2.-7. KL) | 13.- 15. NOVEMBER |

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.

Korona-informasjon

Sjå heimesida til Lyngmo for informasjon om smittevern og rutinar. Me følg FHI og Luster kommune sine anbefalingar med tanke på gjennomføring av arrangement!

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

